Kulturmiljø og kulturminne i kommuneplanen 2026-2037

Kunnskapsgrunnlag

Basert på godkjent Kulturmiljøplan 2026-2036

(KS.sak 042/26)



Rapportansvarleg og deltakarar i arbeidet med notatet

Rapportansvarleg	Yvonne van Bentum
Deltakar i arbeidet med kulturmiljøplanen	Ingvild Kjosavik, avdelingsleiar Planavdeling
Deltakar i arbeidet med kulturmiljøplanen	Siri Gramstad, saksbehandlar avd Byggesak
Dato	29.09.2026

1. Forord 3
2. Innleiing 3
3. Føringar 4
1) Nasjonale føringar 4
Kulturminnelova (kml) 4
Plan- og bygningslova (pbl) 4
Stortingsmelding 16: Nye mål i kulturmiljøpolitikken 4
Nasjonale forventningar til arealplanlegging (2023) 4
«Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland» 5
2) Regionale føringar 5
Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035 5
3) Kommunale føringar 5
Planprogram KP 2026-2037 5
Kommunal planstrategi 2024-2027 5
Time kommune sin samfunnsdel 2022-2034 6
Time kommune sin arealdel 2018-2030 6
Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035 6
4. Om kulturmiljøplanen og forhaldet til kommuneplanen 7
5. Fagleg utgreiing og vurdering av tema 8
6. Avslutning og hovudkonklusjon 11
Forslag til tekst til Samfunnsdelen 11
Forslag til føresegner og retningslinjer i kommune(del)planar 12

1. Forord

Kulturmiljøplanen har vore på høyring i perioden oktober-desember 2025. Det har kome inn 29 uttalar. Fleire har kommentert avgrensing av omsynssoner kor ein er redd for at det leggast for store hindringar for eventuelle framtidige tiltak på eigedomar. Det er difor, etter høyringa, i forslag til kulturmiljøplanen, gjort meir tydeleg kva det betyr å vera teken med i kulturmiljøplanen, og kva det kan bety for grunneigarar. Denne omtalen visast i kapittel 3 i dette fagnotatet.

Det har til 2. gongs behandling ikkje vorte gjort endringar av vesentleg omfang i kulturmiljøplanen, verken når det gjeld kulturminne eller når det gjeld avgrensing av kulturmiljø. Endringar som er gjort handlar først og fremst om oppdateringar etter faktiske forhold slik dei er i dag, t.d. status etter godkjende reguleringsplanar, retting av gnr./bnr., endring av omtale for å gjera ho meir forståeleg, med meir.

Politisk behandling og godkjenning av kulturmiljøplanen har vore i LEV, ULK og KS i juni 2026.

Det vert anbefalt å innarbeida kulturminna og kulturmiljøa, inkludert tilhøyrande føresegner, slik dei visast i kulturmiljøplanen etter politisk godkjenning av planen. LEV/ULK har behandla endeleg planforslag. KS har godkjent Kulturmiljøplanen med følgande endring:

«Kulturmiljøa "Hognestad", «Fotland», «Njå» og «Serigstad» vert tekne ut av Kulturmiljøplanen.»

Saksdokumenta finn ein her: https://www.time.kommune.no/politikk/mote-og-saksdokument/moter-og-saksdokument/#/details/m-19cf1934__1d0e__412a__a4ba__df87474003fc-3233!E2atBU

Styringsgruppa for revidering av kommuneplanen har ytra ønske om at det bør kunna verta enklare å dela frå verneverdige hus. Dette for at dei som er interesserte i slike hus enklare kan kjøpa og dermed halda dei ved like. Det vert anbefalt å ta inn ei retningslinje om at frådeling av verneverdige jærhus vist med omsynssone H570_1 vil verta vurdert.

2. Innleiing

Jf. oppdragsbeskriving skal fagnotatet avklara

- Kva skal inn i samfunnsdelen?
- Kva skal inn i arealdelen?
- Kva for miljø og enkeltminne skal ha omsynssone?
- Kva for bestemmingar skal knyttast til desse omsynssonene?
- Kva for retningslinjer skal gjelda for kulturmiljøa?

For å vidareføra kommunen sitt lokale særpreg, mangfald og identitet ønsker me å ta vare på dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa. Desse er omtalt i temaplanen «Kulturmiljøplan Time kommune» som er vedteken av kommunestyret den 17.6.2026.

Jf. handlingsprogrammet skal tiltak i kulturmiljøplanen førast vidare ved rullering av kommuneplanen. Dette for å sikra at viktige kulturminne og kulturmiljø frå kulturmiljøplanen, med mellom anna omsynssoner, vert innarbeidde i kommune(del)planane.

3. Føringar

1) Nasjonale føringar

Kulturminnelova (kml)

Verksemda med kulturminnevern knytt til vern og forvaltning av kulturminne og kulturmiljø er først og fremst regulert etter kulturminnelova, som er ei særlov. Det inneber at formålet med kulturminnelova skal vega tyngst når det gjerast vedtak etter anna lov som får følger for kulturminne. Det sterkaste verkemiddelet lova gjev er freding, anten direkte gjennom lova (automatisk freda kulturminne) eller gjennom vedtak eller forskrift. Kulturminnelova legg slik føringar for forvalting av freda kulturminne og bygningar eldre enn 1850. Alle kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda. Bygningar eldre enn 1650 kan vedtakast automatisk freda av Riksantikvaren. Kulturminne yngre enn 1536 kan vedtaksfredast av Riksantikvaren.

Plan- og bygningslova (pbl)

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 med endringar sist av 1. juli 2010 er den viktigaste reiskapen for kommunane til å ta vare på kulturarven for framtida. Pbl vert ofte kalla «kommunane si eiga vernelov», sidan ho gjev gode moglegheiter for vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne og kulturmiljø kan gjennom denne lova i første rekke sikrast gjennom arealdelen eller reguleringsplanen i kommuneplanen. Som planstyresmakt har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan ved bruk av plan- og bygningslova sikra vern av kulturminne og kulturmiljø på både kommune- og reguleringsplannivå.

Stortingsmelding 16: Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Stortingsmeldinga set dei enkelte kulturminna i ein større samanheng. Det er ikkje nødvendigvis berre sjølve kulturminnet som er viktig å bevara, men den kulturhistoriske konteksten som finst rundt kulturminnet. Ved ei slik forståing vert det heilskapen til kulturmiljøet som er essensiell å bevara.

I Stortingsmeldinga kjem regjeringa med tre nasjonale mål, som utgjer eit viktig grunnlag for å forstå kvifor det er så viktig å ta vare på kulturminna i kommunane:

- Alle skal ha høve til å engasjera seg og ta ansvar for kulturmiljø
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Kommunen har ei viktig rolle i å vurdera og setja tydelege rammer for stadutviklinga i eit kulturmiljøperspektiv. Nokre gonger betyr dette at omsynet til kulturminneverdiar må gå føre ønsket om utvikling, og at enkelte prosjekt på dette grunnlaget må avvisast.

Nasjonale forventningar til arealplanlegging (2023)

Kulturmiljø er kjelder til kunnskap om Noregs historie, og om eit mangfaldig samspel mellom natur, klima og menneske sine liv og virke i heile landet. Kulturmiljø kan brukast som ressurs

i samfunnsutviklinga, og bidra til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Fortsett bruk, gjenbruk og transformasjon av historiske bygningar og bygningsmiljø kan bidra til trivsel og attraktivitet på både store og små stadar. Kulturmiljø kan òg leggast til rette slik at ein stimulerer til friluftsliv og fysisk aktivitet. Fylkeskommunane og kommunane har ei sentral rolle i å vareta eit mangfald av kulturmiljø gjennom samfunns- og arealplanlegginga.

Forventning nr. 24: Kommunane bruker arkitektur som eit verktøy i samfunnsutviklinga og definerer lokale ambisjonar for arkitektur og byggeskikk. Særpreg, kulturmiljø og viktige landskapstrekk ved stadane vert lagde vekt på i by- og stadutvikling.

Forventning nr 53: Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap vert kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknadar av eksisterande og planlagd arealbruk vert lagde vekt på.

«Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland»

Det er to landskapsområde av nasjonal interesse i Time: 16 Hadland – Sæland – Undheim og 18 Høg-Jæren. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2028-2030 vart det konstatert at den nasjonale kartlegginga av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) ikkje hadde kome langt nok til å verta teken med i arealdelen. Det er to område i Time kommune som vurderast som aktuelle. Fylkeskommunen føreset at områda vert innarbeidde i revidert kulturminneplan og ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

2) Regionale føringar

Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035

Regionalplanen gjev oversikt over viktig kulturarv i Rogaland og set rammer for den regionale kulturmiljøpolitikken. Planen inneheld både oversikt over kulturmiljø, mål, planretningslinjer og eit handlingsprogram som viser planlagde tiltak. Regionalplanen viser tre område av regional interesse i Time kommune: ‘Bryne sentrum’, ‘Gymnashøgda’ og ‘Fotland’.

3) Kommunale føringar

Planprogram KP 2026-2037

Kulturminneplan Time kommune 2008-2019 er av eldre dato. Ein ny kulturmiljøplan er under utarbeiding. Ein har mål om at denne skal vera ferdig utarbeidd og behandla i løpet av 2025. Når kulturmiljøplanen er vedteken skal han innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel, kor føresegner vil verta kvalitetssikra, og så vil det verta sett nye omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Kommunal planstrategi 2024-2027

Kulturminneplan Time kommune 2008-2019 vart vedteken av kommunestyret i 2008. Dette var kommunen sin første kulturminneplan. Det vart gjort eit omfattande arbeid med å kartlegga og registrera over tre hundre kulturminne i kommunen som del av planarbeidet. Med dette som basis inneheld planen både eit plankart og ein tekstdel med prioriterte lister over kulturminna. Kulturminneplanen vart vedteken som ein kommunedelplan. Planen vert nå revidert. Revidert plan vert ein temaplan, og tittelen vert kulturmiljøplan. Med utgangspunkt i statlege føringar vert det nå lagt meir vekt på heilskaplege kulturmiljø, ikkje berre enkeltobjekt. Når planen er revidert, må det vurderast korleis og kva tid han skal innarbeidast i Kommuneplan 2018-2030 og Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035.

Jf. nasjonale forventningar skal kommunen identifisera og ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i

planlegginga. Kulturmiljø med meir skal leggast vekt på ved høg arealutnytting. Tal på verneverdige bygningar vert færre, og vedlikehald kan vera eit problem. Det bør for eksempel vurderast om andre bygningar med lågare vernestatus skal ha vern.

Som planbehov vart definert:

"Innarbeida Kulturmiljøplanen i kommuneplanen sin arealdel og i kommunedelplan for Bryne sentrum."

Kommuneplanar Time kommune

Time kommune sin samfunnsdel 2022-2034

Samfunnsdelen peikar på at kulturmiljø, som kulturminne og kulturlandskap, er viktige miljøressursar i eit berekraftsperspektiv. Samfunnsdelen seier òg at kommunen skal ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, og at dei har betydning for identiteten, trivselen og tilknytinga for folk.

Time kommune sin arealdel 2018-2030

Arealdelen har i kap. 20 generelle føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø. Føresegnene i kommuneplanen er ikkje knytte til bestemte areal, men det er gjeve føresegner som viser til kulturminneplanen 2008-2019. Planen gjev ikkje bindande vern for kulturminne og kulturmiljø, men seier kva omsyn som skal vurderast når kommunen saksbehandlar plan- og byggesaker. Kulturmiljøplanen med kunnskapsdel og digital kartløysing vil vera eit godt verktøy og utgangspunkt for planlegging og vurdering av byggesaker.

Planen vil vera eit viktig grunnlag for neste rullering av kommunen sin overordna kommuneplan og kommande reguleringsplanar, der innarbeiding av nye rettsleg bindande omsynssoner vil verta vurdert. For å sikra intensjonane i Kulturmiljøplanen vil kommuneplanen sine omtalar av kulturmiljø, kulturminne, føresegner og retningslinjer verta justerte.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035

Kommunedelplanen gjeld i sentrumsområdet på Bryne, og planen har meir konkrete føresegner og retningslinjer enn kommuneplanen sin arealdel 2018-2030. Kommunen skal føra ein særleg restriktiv politikk med omsyn til riveløyve og ombygging av bygningar og anlegg oppførte på kommunedelplan sitt temakart nr. 10 «Bevaringsverdige bygningar og anlegg». Alle tiltak som medfører krav om plan eller løyve som omtalt i pkt. 21.1 i kommunedelplanen sine føresegner skal vurderast særskilt med vekt på verdi som kulturminne. Verneverdige enkeltbygg og bygningsmiljø skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og settast i stand. Søknad om løyve til tiltak skal innehalda ei kulturhistorisk, arkitektonisk og estetisk utgreiing som forklarar korleis tiltaket held seg til verneomsyna. Krav til opphaldsareal ute kan fråvikast dersom søknaden omhandlar bygningar med kulturhistorisk eller arkitektonisk høg verdi, der krav ikkje kan oppfyllast utan vesentleg tap av kvalitetar til bygningen. For bygningar med bevaringsverdi, kor det vert søkt om attføring til bustadformål eller andre søknadspliktige tiltak etter Plan- og bygningslova § 20-1, vert det ikkje stilt krav til nye parkeringsplassar.

4. Om kulturmiljøplanen og forhaldet til kommuneplanen

Kulturmiljøplanen er ein temaplan – kva inneber det?

Kommunen har ansvar for å ta vare på spor frå før i tida. Kulturmiljøplanen er ein temaplan som fortel kva kommunen har av kulturminne og korleis ein skal sikre at desse ikkje forsvinn. Temaplanen har ikkje juridiske reglar for vern, men planen vil fungera som eit kunnskapsgrunnlag for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø ved behandling av landbruks-, plan- og byggesaker.

Nokre bygg og område som er nemnt i kulturmiljøplanen er allereie omfatta av juridiske reglar i kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. Område som ikkje har juridisk avklaring i gjeldande planar vil verta vurderte nærare ved rullering av kommuneplanen og ved utarbeiding av nye reguleringsplanar.

Prioriterte objekt er kulturminne som kommunen har vurdert å ha ein særskilt kulturhistorisk verdi. Kulturminneverdien kan vera knytt til ein viktig historisk fase, ei viktig verksemd eller hendingar/personar med særleg betydning for historie, eller kulturminnet kan ha ein særleg arkitekturhistorisk verdi.

Når mange kulturminne er samla på ein stad kallar me det eit kulturmiljø. Gjennom kulturmiljøplanen har kommunen valt ut fleire område som har ein særskilt verdi som kulturmiljø.

Kva vil kulturmiljøplanen kunna bety for grunneigarar?

Dersom eigedommen inngår i eit kulturmiljø betyr ikkje det at det automatisk er forbod mot vidareutvikling og nye tiltak, men innanfor området skal ein vera meir varsam og ta omsyn for å ivareta verdiane til det aktuelle kulturmiljøet. For kvart område er det utarbeidd ein tekst som seier noko om området og kva som er viktig å ta omsyn til dersom det skal settast i gong nye tiltak.

Det vil vera ei konkret vurdering frå sak til sak om, og korleis, nye tiltak kan innpassast i området samtidig som kulturminneverdiane blir ivaretatt. Ved oppføring av nye bygg vil for eksempel plassering og utforming kunne vera eit tema, då organisering og utforming av bygningar kan ha ei påverknad på det eksisterande kulturmiljøet. I andre saker vil for eksempel omsynet til kulturmiljøet kunna gje føringar for i kva grad landskapet kan endrast.

Generelt kan ein seia at det er ønskeleg at prioriterte objekt vert tatt vare på og eventuelt tilbakeført til opphavleg utsjånad. Nokre bygningar som inngår i dei ulike kulturmiljøa kan vera interessante å ta vare på som del av eit miljø, mens andre bygningar har mindre eller ingen verdi for kulturminne-verdiane i området. I tettbygde strok er sonene tydelegare og meir bevisst avgrensa, mens kulturmiljøa elles har ei grovare avgrensing.

Kulturmiljøplanen gir ikkje heimel for avslag. Kulturmiljø og prioriterte objekt må vidare sikrast gjennom kommuneplan eller reguleringsplan.

Plan- og bygningslova har reglar om visuelle kvalitetar. Lova seier at alle tiltak skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til deira bygde og naturlege omgivnader og plassering. Ved behandling av eksisterande byggverk sitt ytre kan kommunen i vurderinga legga vekt på omsynet til viktige historiske, arkitektoniske og andre kulturelle verdiar. Kulturmiljøplanen vil

derfor kunna vera aktuell som kunnskapsgrunnlag for oppfølging og behandling av byggetiltak.

5. Fagleg utgreiing og vurdering av tema

I kulturmiljøplanen er følgande utfordringar, mål og strategiar formulert:

5.1. Utfordringar for kulturminne og kulturmiljø i Time

Time har hatt ein høg befolkningsvekst, frå ca. 5200 innbyggarar i 1950 til vel 20 000 i 2024. Veksten med utbygging av sentrumsbusetnad, infrastruktur og bustadfortetting, og krav til høg arealutnytting, har lagt press på område med viktige kulturhistoriske verdiar. Erfaringar viser at det er krevjande å verna kulturhistoriske verdiar. Nye tiltak på, og nær, eksisterande verneverdig busetnad har vorte godkjende, sjølv om dette har gått på kostnad av kulturminneverdiar. Samanhengen rundt og mellom bygga kan òg verta trua, noko som gjer at heilskap og historieforteljande element forsvinn. Høgt press i planleggings- og byggeprosessar kombinert med avgjerande vekt på tekniske og økonomiske forhold har fleire stader ført til at kulturminne/kulturminneverdiar dessverre er gått tapt.

Modernisering i landbruket har resultert i større driftseiningar, større bygningar og bruk av større reiskapar. Areal er ein knapp ressurs og tettstadsutvikling og utviklinga i landbruket har skapt behov for nydyrking. Landbruket sitt kulturlandskap endrar seg på grunn av denne utviklinga, og verdfulle kulturlandskap kan gå tapt.

Hovudutfordring

Krav om fortetting, effektiv arealutnytting, lønnsemd som gjev behov for større driftseiningar med meir kan gjera det krevjande å ta vare på prioriterte bygningar og kulturmiljø.

Utfordringar

Manglande kunnskap

- Det er mangel på kunnskap om kulturminne, og mange viktige verdiar går tapt fordi ein ikkje har kjennskap til eller kunnskap om dei.
- Utover dei områda som er avmerkte i nasjonale kartleggingar, er det liten kunnskap om verdiane som ligg i kulturlandskapet i Time.
- Det er ikkje gjort ei systematisk registrering av krigsminne i Time kommune og dermed manglar føringar for bevaring og for å kunna ta omsyn til desse.

Fornminne

- Automatisk freda kulturminne har opp gjennom åra vorte fjerna i samband med eldre og nyare jordbruksdrift, infrastrukturtiltak og andre byggetiltak.
- Stort utbyggingspress og endring og utvikling i jordbruket, for eksempel auka fokus på matsikkerheit, kan medføra ønske om dispensasjon, og frigjeving av kulturminne.
- Det er ei utfordring å få registrert fornminne som ikkje er kjende, og å hindra tap av automatisk freda kulturminne, slik at den eldste historia seinare kan verta forstått og formidla på ein god måte.

Bygningar og verdiar i kulturlandskapet

- Modernisering i landbruket, saman med restriksjonar i talet på bygningar på gardane har medført tap av kulturminne i landbruket.
- Så langt ein veit er det berre elleve av dei tradisjonelle jærhusa att i Time.
- Mange utdaterte driftsbygningar vert rivne eller endra, og det er ei utfordring å finna nye bruksområde til desse.
- Effektivisering av landbruket fører til at steingardane er under stadig press.

SEFRAK- registrerte bygg

- Fleire SEFRAK-objekt i ulike klassifiseringar har etter kvart vorte rivne, eller ikkje vorte vedlikehaldne.
- SEFRAK-bygningar har òg vorte vesentleg transformerte eller rivne som følge av at det har vore lita merksemd rundt verdien av desse bygningane.

Økonomiske og menneskelege ressursar

- Drift og vedlikehald av både private og kommunale bygg og anlegg krev økonomiske midlar.
- Kommunen har behov for ressurspersonar med kunnskap om og forståing for kulturminnet/miljøet sin verdi. Ressurspersonar er òg viktige for å formidla identitet og kommunen si historie. Begge deler kan vera vanskeleg å ha tilgang til.
- Bevaringsverdige bygg tilfredsstiller ofte ikkje krav til lønsam drift. Vern gjennom bruk kan derfor vera krevjande.
- Det er ei utfordring å balansera stadig meir intensivt drivne jordbruksområde med bonden sitt ønske om større og meir samanhengande teigar og meir effektiv drift, mot omsynet til verdiane i kulturlandskapet, slik som steingardar og randsoner.

Engasjement og haldningar

- Vern av kulturminne er òg avhengig av at eigarane er interesserte i ta vare på dei. Det er ei oppgåve å skapa engasjement og interesse for kulturmiljø og kulturminnevern.

5.2. Mål og strategiar

- Kulturmiljøplanen viser dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa i Time. Kulturmiljøplanen vil vera eit grunnlag for målretta vern gjennom vedlikehald, planlegging, god informasjon om og tilrettelegging for prioriterte kulturminne og -miljø. Planen vil vera eit viktig verktøy for å auka forståinga for, og dermed sikra bevaringa av, prioriterte kulturhistoriske verdiar som del av ei heilskapleg kultur-, miljø- og ressursforvalting.
- Kulturmiljøplanen utdjupar og styrker kunnskapsgrunnlaget knytt til politikken gjeven i kommuneplanen sin arealdel 2018-2030, samfunnsdel 2024-2035 og kommunedelplan for Bryne sentrum 2045-2035.

Mål

Overordna mål for forvalting av kulturminne og -miljø i Time:

- Ta vare på eit breitt utval av lokale kulturminne/kulturmiljø som middel til å formidla kunnskap om kulturhistoria og som positive, identitetsberande element i nærmiljøet.
- Sikra at lokale, regionale og nasjonale kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne omsyn til i kommunal planlegging.
- Sikra at kulturarven vert kjend for innbyggjarane

Strategiar

- Time kommune skal løfta fram og bevara særtrekk, og dyrka stoltheita over det lokale mangfaldet i kommunen.
- Time kommune skal i all planlegging og forvalting søka å ivareta kulturmijø, bygningar, anlegg og landskap som fortel om kommunen si historie, særleg dei som inngår i temaplanen.
- Time kommune sine kulturmiljø skal vera levande stadar der kulturminna vert brukte.
- God kunnskap skal leggast til grunn for behandling av kulturmiljøa våre.
- Time kommune skal samarbeida med andre styremakter og rettleia om verkemiddel for berekraftig kulturmiljøforvalting.
- Time kommune skal vera bevisst på målkonfliktar der omsyna til kulturmiljø som ikkje-fornybare ressursar står i fare for å verta sette til side. Eksempel på slike konfliktar er kulturlandskap versus rasjonell drift, vern gjennom bruk i små hus versus krav om tilgjenge/arbeidsmiljølov med meir, og fortetting versus bevaring i sentrumsnære område.

I arbeidet med å prioritera kulturminne og kulturmiljø, er område og objekt delte inn i ni kategoriar. Følgande kategoriar er brukte:

- Den eldste historia
- Tettstadane i kommunen og stasjonsbyen Bryne
- Kyrkjer, kyrkjegardar og bygg knytte til religiøs verksemd
- Samfunnsinstitusjonar
- Landbruksbygg og jærhus
- Samferdsel
- Industri og vassdrag
- Bustadhus og forretningsbygg
- Kulturlandskap

Kulturmiljøa og -minna visast i planforslaget til kulturmiljøplanen sine kapittel 3.10 og 3.11, og i Time kommune si kartløysing. Desse bør innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel 2026-2037 med omsynssoner, slik at kulturmiljøa og -minna sine verdiar vert ivaretatte på best mogleg måte.

I kapitla under er viktige trekk i Time si historie, dei ulike kategoriane og sentrale verdiar beskrivne.

6. Avslutning og hovudkonklusjon

Forslag til tekst til Samfunnsdelen

Kulturmiljøet og -minna gir eit bilete av korleis menneska har teke landet i bruk, og korleis utvikling i levesett har forandra seg. Men ikkje alle kulturminne kan eller skal vernast. I forvaltninga av kulturminne vert det lagt vekt på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på, og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Det skal leggast vekt på kulturhistoriske samanhengar framfor enkeltobjekt. Grunnlaget for å verna kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelde til kunnskap, som grunnlag for opplevingar og som ressurs for bruk.

Time har hatt ein høg befolkningsvekst, frå ca. 5200 innbyggjarar i 1950 til vel 20 000 i 2024. Veksten med utbygging av sentrumsbusetnad, infrastruktur og bustadfortetting, og krav til høg arealutnytting, har lagt press på område med viktige kulturhistoriske verdiar. Erfaringar viser at det er krevjande å verna kulturhistoriske verdiar. Nye tiltak på og nær eksisterande verneverdig busetnad har vorte godkjende, sjølv om dette har gått på kostnad av kulturminneverdiar. Samanhengen rundt og mellom bygningane kan òg verta trua, noko som gjer at heilskapen og historieforteljande element forsvinn. Høgt press i planleggings- og byggjeprosessar kombinert med avgjerande vekt på tekniske og økonomiske forhold, har fleire stadar ført til at kulturminne/kulturminneverdiar er gått tapt.

Modernisering i landbruket har resultert i større driftseiningar, større bygningar og bruk av større reiskapar. Areal er ein knapp ressurs og tettstadsutvikling og utviklinga i landbruket har gjeve behov for nydyrking. Landbrukets sitt kulturlandskap endrar seg på grunn av denne utviklinga og verdifulle kulturlandskap kan gå tapt.

Mål

Overordna mål for forvalting av kulturminne og -miljø i Time:

- Ta vare på eit breitt utval av lokale kulturminne/kulturmiljø som middel til å formidla kunnskap om kulturhistoria og som positive, identitetsberande element i nærmiljøet.
- Sikra at lokale, regionale og nasjonale kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne omsyn til i kommunal planlegging.
- Sikra at kulturarven vert kjend for innbyggjarane.

Strategiar

- Time kommune skal løfta fram og bevara særtrekk og dyrka stoltheita over det lokale mangfaldet i kommunen.
- Time kommune skal i all planlegging og forvalting søka å ivareta kulturmiljø, bygningar, anlegg og landskap som fortel om kommunen si historie, særleg dei som inngår i temaplanen.
- Time kommune sine kulturmiljø skal vera levande stadar der kulturminna vert brukte.
- God kunnskap skal leggast til grunn for behandling av kulturmiljøa våre.

- Time kommune skal samarbeida med andre styremakter og rettleia om verkemidlar for berekraftig kulturmiljøforvalting.
- Time kommune skal vera bevisst på målkonfliktar der omsyna til kulturmiljø som ikkje-fornybare ressursar står i fare for å verta sette til side. Eksempel på slike konfliktar er kulturlandskap versus rasjonell drift, vern gjennom bruk i små hus versus krav om tilgjenge/arbeidsmiljølov med meir, og fortetting versus bevaring i sentrumsnære område.

Forslag til føresegner og retningslinjer i kommune(del)planar

Fleire av føresegna i Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 er lovfesta og treng ikkje å vera med i kommuneplanen sine føresegner. Dei vert difor føreslått å verta tekne ut.

2.2. Kulturminne og kulturmiljø (pbl. § 11-9 nr. 7 og 8)

Bygningar, anlegg eller miljø som har kulturhistorisk verdi skal ivaretakast i plan- og byggesaker.

Kulturminne, verneverdig historisk kulturmiljø og kulturlandskap skal brukast i utviklinga for å gje kvalitet og særpreg til landskap og bygde omgivnadar.

Gjeldande kulturmiljøplan, vedtatt 17.06.2026, skal leggast til grunn for plan- og byggesaker.

4.4.3 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Det er ikkje tillate å utføra tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturminnemyndigheita, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

Automatisk freda kulturminne innanfor utbyggingsområde skal, med tilstrekkeleg vernesone, søkjast bevarte gjennom omsynssoneregulering i kombinasjon med grønstruktur.

4.3.4 Bevaring kulturmiljø (H570)

Retningslinje:

For område og bygg viste med omsynssone H570_1 og H570_2 skal det takast særleg omsyn til bevaring av kulturminne- og kulturmiljøverdiar. Dette inneber at kulturminne og kulturmiljø vert sikra og ivaretekne, og at deira særpreg og eigenart vert oppretthaldne. Ved tiltak kan det i nødvendig grad stillast krav om tilbakeføring.

Ved nye tiltak innanfor omsynssonene bør det dokumenterast at kulturmiljøet sine kvalitetar og stadens sin identitet blir ivaretatt.

Nye tiltak skal plasserast og utformast slik at viktige element i eksisterande gate-, bygnings- og landskapsstrukturar vert ivaretekne, og slik at gode overgangar vert sikra.

Karakteren til miljøet innanfor den einskilde omsynssona skal vere retningsgjevande for byggehøgde, volum, utforming, materialbruk og fargeval.

Lokaltypisk vegetasjon, markante eldre tre og gamle steingardar skal bevarast som ein del av det heilskaplege miljøet.

Ved tiltak på bygg innanfor H570_1 kan det krevjast at takform, fasade, materialbruk, detaljering og fargar vert oppretthaldne eller tilbakeførte for å ivareta bygget sin verneverdi. Eventuelle tilbygg må tilpassast og underordnast den eksisterande bygningen sine kvalitetar med omsyn til plassering, utforming, storleik og material- og fargebruk. Tilbygg som reduserer eksisterande bygning sin verneverdi skal ikkje tillatast.

H570_3 Kulturlandskap av nasjonal verdi

Kulturlandskap av nasjonal verdi skal takast vare på. Nye tiltak skal tilpassast landskapet og gardsbusetnaden, og karakteristiske landskapstrekk skal bevarast. Tiltak må ikkje føre til oppstykking eller fragmentering av kulturlandskapet.